
Fra: Toril Marie Mulen
Sendt: 25. juni 2015 12:41
Til: Toril Marie Mulen
Emne: VS: Meir til søknad knytta til midlar frå klima349069 og miljøtiltak 2015

Fra: Toril Marie Mulen [<mailto:toril.mulen@radoy.kommune.no>]
Sendt: 22. mai 2015 08:28
Til: Mostad, Kari Beate
Emne: Meir til søknad knytta til midlar frå klima og miljøtiltak 2015

Hei

Dette er meir bakgrunnsinfo til søknad om klima og miljøtiltak 2015.

Det er spurt etter meir opplysningar om korleis det er tenkt gjennomført, og meir detaljert budsjett.

I 2003 vart det laga ein foldar i samband med Nordisk ministerråd sin landskapskonferanse. Den er lagt ved denne eposten.

Den er til inspirasjon for korleis det er tenkt gjennomført å kunne formidle budskapet ein ynskjer pengar frå klima og miljøprogrammet til å formidle.

Vi ynskjer sette fokus på ein del av utfordringar knytta til interesser for tiltak som går på bekostning av kulturlandskapet, landbruksnæringa og bruken av areal. Påpeiking av konkrete døme med kart og bilete. Døme på landskapskvalitetar som er viktige å ivaretake og vidareføre. Og tilsvarande døme på tiltak og inngrep i kulturlandskapet som er uheldige og forringar opplevde landskapskvalitetar.

I 2012 og i 2015 har vi i Team Nordhordland mfl skipa inspirasjonskonferansen «På skattejakt i Nordhordland». Plakat og program ligg vedlagt. Gjennom konferansen ynskde vi å peike på mogleikar til næringsutvikling som er i regionen vår, basert på ressursane som kulturlandskapet, landbruksnæringa og bruken av areal – men på ein slik måte at ein ikkje forringar landskapsverdiane. Inspirasjonskonferansen er eit ledd i å bygge opp under identiteten til Nordhordlandsregionen. Å være stolt av regionen. Å inspirere til å ville bu og skape næring i regionen.

Den foldaren vi no søker om midlar til å lage er for å kunne vidareformidle mogleikar i regionen, utan at det skal gå på bekostning av landskapsverdier. Det er ein budskap vi vil ha fram, at det er mogleikar, sjølv om ein også ivaretek det som er særpreget for regionen, og det som gjer at folk er stolte av regionen sin.

Dette trengst for å forklare kvifor vi har lover og reglar. Og at det likevel finst mogleikar, sjølv om ein følger lover og reglar. Og å løfte opp landskapskvalitetar, og vise at det er eit pre som ein vinn på å ivaretake, sjølv om ein ikkje umiddelbart ser pengane klinge i kassa av det.

Dette handlar om haldningsskapande arbeid som ein lyt jobbe med over tid. Dette handlar om politikaropplæring, når det kvart fjerde år vert valgt inn nye. Dette handlar om «vanlege» folk. Det er ei årsak til at vi har dei lovene og reglane vi har, og kva er den bakanforliggende årsaka, og kvifor skal vi ha det sånn.

Dette er ikkje abstrakt. Dette er handfast og konkret. Dette handlar om kva tiltak ein får løyve til og ikkje. Dette handlar om den einskilde som søker om deling av tomt til sonen, dette handlar om den einskilde som søker om å dele ifrå våningshuset. Dette handlar om 100-meters beltet til sjø. Dette handlar om kvar ein plasserar eit hus i terrenget. Dette handlar om jordlov, konsesjonslov, driveplikt, buplikt, plan og bygningslova mm. Ei illustrativ lettfatteleg folkeleg forklaring på føremuner og bakdelar med tiltak, og kvifor vi har lover og reglar og korleis ting slår uheldig ut om ein ikkje er tru mot lover og reglar. Det er det vi ynskjer få til gjennom denne søknaden om midlar til å lage ein folder frå midlar knytta til klima og miljøtiltak for 2015. Ein folder kan gå ut på dato. Vi ynskjer også å kunne formidle den gjennom digitale medium. Då kan den enklare fornyast og oppdaterast. Og den kan spreiest lettare gjennom innlegg for nye politikarar i formannskap, kommunestyre og hovudutval. Og på nettsider til kommunen, td.

Vonar dette var litt meir oppklarande.

Venleg helsing

Toril M Mullen

Leiar for felles landbrukskontor for Austrheim, Fedje og Radøy

Tlf 45255889 eller 56349069